

177

Frelste, glade ungdomsflokk.

Frelste, glade ungdomsflokk
som i Jesus heve nokk:
Me vil ganga vegen fram.
Svika Herren er ei skam.
Han skal styra ror og ratt
gjennom dag og stormfull natt.

Han er all vår bergingsvон,
den velsignade Guds son,
som gav livet sitt for oss,
nagla til den harde kross.
Ingen andre. Berre han
trøyst til hjarto gjeva kan.

Han er liv, og han er mat.
Og vår beste kamerat.
Han er dør, og han er veg
gjennom livet, heim til seg.
Han er tilsynsmann og vakt,
slik som sjølv han hev det sagt.

Visst er vegen tung og trong.
Men han tek då slutt eingong.
Og då er me komne heim,
i frå sorg og sut og sveim.
Ingen då skal angra seg,
at han valde denne veg.

Då me skal vår Frelsar sjå.
Og få livsens krone på.
Bera kjolen, Himmelrein.
Svinga glad vår palmegrein.
Kjære, seg: "kva tykkjer Du - -
er det verdt å vera tru -?"

Johs.M.L.Rydland.